
PLANOMTALE

50711001

KOMMUNEDELPLAN FOR GOL TETTSTAD PLAN ID 2018001



UTKAST
08.06.2023

VEDLEGG:

1. KONSEKVENSGREIING
2. LISTE OVER INNKOMNE INNSPEL
3. EIGNAHEITSKART
4. TRANSPORTANALYSE



Gol kommune
Samarbeid formar framtida

Rapport nr.:		Oppdrag nr.: 50721001	Dato: 07.02.2018 08.06.2023	
Oppdragsnavn: Kommunedelplan Gol tettstad				
Kunde: Gol kommune				
<p>PLANOMTALE</p> <p>Kommunedelplan Gol tettstad</p> <p>PLANFASE</p>				
Rev.	Dato	Revisjonen gjeld		Sign.
Utarbeidd av: Signe Vinje			Sign.:	
Revidert av: Sander Lilleslett				
Revidert av: Espen Motzfeldt Drange Benedicte A. K. Ender			Sign.:	
Oppdragsansvarleg / avd. Alexander Stettin/ Seljord			Oppdragsleiar / avd. Signe Vinje / Seljord	

Innholdsliste

1	BAKGRUNN	1
1.1	Innleiing	1
2	PLANPROSESS OG MEDVRIKNING	1
2.1	Organisering av planen	1
2.2	Medverknad	1
2.3	Planprosess	2
2.4	Innspelsrundar	3
3	PLANSTATUS OG RAMMEBETINGELSER	3
3.1	Statlege føringar	3
3.2	Regionale føringar	4
3.3	Kommunale føringar	4
4	SKILDRING AV PLANOMRÅDET	5
4.1	Lokalisering og avgrensing	5
4.2	Sentrumsutvikling og offentlege areal	5
4.3	Næringsliv	7
4.4	Bustad og levekår	9
4.5	Infrastruktur og transport	9
4.6	Barn og unges interesser	12
4.7	Folkehelse og grønne areal	13
4.8	Samfunnstryggleik og beredskap	19
5	HOVUDGREP I PLANFORSLAGET	22
5.1	Hovudgrep	22
5.2	Sentrumsutvikling og offentlege areal	22
5.3	Næringsliv	24
5.4	Bustad og levekår	26
5.5	Infrastruktur og transport	27
5.6	Barn og unge sine interesser	28
5.7	Folkehelse og grønne areal	28
5.8	Samfunnstryggleik og beredskap	30
6	KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET: SAMANDRAG	31
6.1	Samla konsekvensar for ny arealbruk	31
6.2	Samla konsekvensar for miljø og samfunn	32

1 BAKGRUNN

1.1 Innleiing

1.1.1 Føremål med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å sikre at Gol sentrum har nok handlingsrom og potensiale til å vidareutvikle seg som både kommunesenter, regionalt handelssentrum og lokalsentrum. Dette inneber mellom anna å sikre at ulike arealføremål har utviklingsmoglegheiter, samstundes som ein sikrar rett arealbruk på rett plass. Målet for planarbeidet er å gjere Gol sentrum triveleg, funksjonelt og attraktivt, der ein tar omsyn til både menneskeskapte og naturskapte forhold.

1.1.2 Grunngeving for utgreiingsplikt

Planen er konsekvensutgreidd i samsvar med forskrift for konsekvensutgreingar for planer etter plan- og bygningsloven (FOR2014-12-19-1726) fordi planoppstart blei varsla før den nye forskrifta trådde i kraft.

Forskrift for konsekvensutredningar for planer etter plan og bygningsloven § 2 seier at kommunedelplanar med område for utbyggingsformål alltid skal konsekvensutgreiast.

2 PLANPROSESS OG MEDVRIKNING

2.1 Organisering av planen

Planen er organisert på følgjande måte:

Kommunestyret er det øvste politiske organet i kommunen. Det er kommunestyret som har starta planprosessen. Kommunestyret har myndigheit til å legge forslag til kommunedelplan ut til høyring, og vedtek til slutt den endelege planen.

Kommuneplanutvalet fungerer som politisk styringsgruppe. Utvalet vurderer innstillingane som kjem frå administrasjonen og innstiller forslag til kommunedelplan til kommunestyret. Sentrale vedtak i kommuneplanutvalet er mellom anna vedtak av overordna føringar, siling av arealinnspel etter desse føringane og godkjenning av arealbruk etter konsekvensutgreiinga. Det administrative planforumet rapporterer til kommuneplanutvalet.

Det administrative planforumet er den administrative arbeidsgruppa for kommunedelplanen. Planforumet diskuterer problemstillingar og gjev føringar for detaljar i kommunedelplanen og i prosessen, fordeler oppgåver internt, har kontakt med konsulentar og rapporterer til kommuneplanutvalet.

Planforumet blir leia av kommunalsjef samfunn og utvikling. I arbeidsgruppa sit i tillegg rådmann, kommunalsjef oppvekst og kultur, kommunalsjef helse og omsorg, avdelingsleiar for utbyggingsavdelinga og barne- og ungdomsrepresentant.

2.2 Medverknad

I løpet av planprosessen har det blitt lagt opp til følgjande medverknadsprosess:

1(34)

Politisk involvering: Planprogrammet blei vedteke 13. juni 2017. I september same år vedtok kommuneplanutvalet overordna føringar for kommunedelplan for Gol tettstad (F53/17), som blei lagt til grunn for handtering av arealinnspele og systematikken i planarbeidet. Politiske utval har blitt orientert om planprosessen i fleire politiske utvalsmøte i løpet av hausten og vinteren.

Regionale myndigheiter: Regionalt planforum drøfta planprogrammet 20. juni 2017 og planutkastet 7. mars 2018. Regionale myndigheiter har uttalt seg i samband med høyring av planprogram og vil få forslag til planleveranse oversendt før planforumsmøte 7 mars. Det blei halde eit eige dialogmøte med Statens Vegvesen 22. februar 2017.

Innbyggjarar på Gol: I samband med planprogram blei det halde eit folkemøte 27. mars 2017. **Med atterhald vil det bli halde nytt folkemøte 21 juni, alternativt august/september.**

2.3 Planprosess

13. mars 2017: Varsel om oppstart og planprogram på høyring, med høyringsfrist 10.05.2017

13. juni 2017: Vedtak av planprogrammet, kommunestyret

01. august 2017: Ny innspelsrunde til kommuneplanen med frist 18. august.

21. september 2017: Vedtak av overordna føringar for kommunedelplanen, kommuneplanutvalet

August – november 2017: Analysefase eignaheitskart og trafikkanalyse

Desember 2017 – april 2018: Planfase: Konsekvensutgreiing, føresegner, plankart, planomtale

07. mars 2018: Regionalt planforum

12. juni 2018: Første gongs handsaming av planforslaget

16. juni 2018: Offentleg ettersyn av planforslaget, med høyringsfrist 01.09 med atterhald

06. september 2018: Motsegn frå Fylkesmannen i Buskerud (Statsforvaltaren i Oslo og Viken)

07. september 2018: Motsegn frå Statens vegvesen

10. september 2018: Motsegn frå Buskerud fylkeskommune (Viken fylkeskommune)

25. februar 2019: Fylkesmannen (Statsforvaltaren) trekk motsegn

17. juni 2019: Fylkeskommunen trekk motsegn

26. februar 2020: Fylkeskommunen trekk motsegn for fylkesvegane

16. april 2020: Avgrensa offentlig ettersyn for mindre endring ved Gol stasjon, med høyringsfrist 11. mai 2020

25. november 2022: Regionalt planforum i samband med nytt offentlig ettersyn

2.4 Innspelsrundar

2.4.1 Planprogrammet

Gol kommune varsla oppstart av planarbeid og la planprogrammet ut til høyring og offentlig ettersyn 13. mars 2017. For å gje innbyggjarar høve til å koma med fleire innspel før sjølve planarbeidet set i gang, blei det opna for ein ny innspelsrunde til innhaldet i planen sommaren 2017, med frist for innspel 18. august.

Siling og konsekvensutgreiing av innspel

Det kom totalt inn 26 innspel til planprogrammet. Innspela blei vurdert opp mot prinsippa i kommunens overordna føringar og nasjonale føringar (statlege planretningslinjer og planbestemelsar). Etter denne runden gjekk 13 av innspela vidare til konsekvensutgreiing. 3 av innspela blei vurdert hadde så stor motstrid med overordna føringar at dei ikkje gjekk vidare. 10 innspel utløyste ikkje krav om konsekvensutgreiing, mellom anna fordi dei dreia seg om føresegner eller fordi arealbruken alt var avklart.

Innspela til planprogrammet med merknader er lagt ved som vedlegg.

3 PLANSTATUS OG RAMMEBETINGELSER

Lover, forskrifter og vedtekne planar gjev føringar for både planprosessen og innhaldet i framtidige planar. Nedanfor er ei kort oversikt over dei viktigaste føringane for kommunedelplan for Gol sentrum.

3.1 Statlege føringar

- Lovverk er juridisk bindande og skal følgjast. Dei viktigaste lovene dreier seg om planprosess, utgreiingsplikt og handtering av enkelte plantema. Relevante lover er *plan og bygningslova* av 27. juni 2008, *kulturminnelova* av 6.8.1978, *naturmangfaldslova* av 19.6.2009, *forskrift for konsekvensutgreiing* av 21.6.2017, *veglova med forskrifter og vegnormalar*, av 1963.
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging markerer kva omsyn staten forventar at blir tatt hand om i planlegging og markerer såleis den nasjonale politikken. Dokumentet blir rullert kvart 4. år.
- Statlege planføresegner er føresegner om korleis enkelttema skal følgjast opp i planlegginga. Føresegnene er juridisk bindande, og dersom dei ikkje blir følgt vil planen ikkje kunne eigengodkjennast. Aktuell eksisterande føresegn er *rikspolitisk bestemmelse om kjøpesenter*.
- Statlege planretningslinjer er retningslinjer om korleis enkelte tema skal følgjast opp i alle planar over heile landet. Brot på retningslinjene kan føre til at planen ikkje kan eigengodkjennast. Relevante retningslinjer er *retningsline for støy* (T-1442), *retningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging* (27.09.2014), *retningsline for flaum- og skredfare i arealplanlegging* (NVE 2-2011) og *Rikspolitisk retningsline for å styrke barn og unges interesser i planlegginga* (1995)

- Statlege planar: Statlege planar viser overordna plangrep på nasjonalt nivå. Lokale planar må byggje opp under måla i dei statlege planane. Det gjeld mellom anna *nasjonal transportplan*.
- Nasjonale rettleiarar er råd om korleis enkelttema kan handterast i planprosessen. Desse er ikkje juridisk bindande.

3.2 Regionale føringar

- Regional planstrategi viser status for Buskerud og kva planar som skal arbeidast med eller vidareførast i denne kommunestyreperioden.
- Regionale planar med føresegner: *Regional areal- og transportplan for Buskerud 2018-2035* inneheld retningsliner om, arealbruk, transport, by- og stadutvikling og arealvern.
- Regionale planar og strategiar utan føresegner viser den politiske kursen og satsingsområda for den fylkeskommunale politikken, og gjev råd til kommunal planlegging. Kommunale planar bør vere i samsvar med dei regionale planane. Aktuelle regionale planar er *Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035*, *Regional plan for verdiskaping og næringsutvikling*, *regionalplan for kulturminnevern i Buskerud*, *strategi for trafikksikkerheit 2014-2023*, *strategi for fylkesvegstrategi 2014-2023*, *folkehelse 2010-2016*, *klimahandlingsplan for Buskerud*.

3.3 Kommunale føringar


- Kommunal planstrategi viser status for Gol og kva planar som skal arbeidast med eller vidareførast i denne kommunestyreperioden.
- Kommunale planar viser kva politikk kommunen har vedteke innanfor enkelttema. Aktuelle kommunale planar er *Kommuneplanens samfunnsdel*, *Hovudplan for vatn og avløp*, *næringsplan*, *trafikksikkerheitsplan 2015-2018*, *plan for idrett friluftsliv og fysisk aktivitet i Gol kommune 2013-2016*, *masterplan for Hallingmo (pågår)*, *energi- og klimaplan for Gol kommune*, *overordna ROS-analyse for Gol*.
- Føringar for kommunedelplan for Gol sentrum er føringar som blei vedteke i kommuneplanutvalet 21. september 2017 (sak F53/17) og som skal ligge til grunn for det vidare arbeidet med denne kommunedelplanen.
- Tidlegare planarbeid for Gol sentrum har lagt til grunn grep som blir vidareført i dette planarbeidet. Det gjeld mellom anna målet om «Gol på tvers».
- Eksisterande reguleringsplanar som skal vidareførast legg føringar for arealbruken i denne planen.

4(34)

PLANOMTALE
08.06.2023
UTKAST

4 SKILDING AV PLANOMRÅDET

4.1 Lokalisering og avgrensing



Figur 1: Planområdet (raud strek) er vidareført frå den eksisterande kommunedelplanen for Gol.

Planområdet er Gol tettstad, avgrensa ved garden Knaldre i vest, Petterbråten i nord, Narvebrøten i aust og mot sør inkluderer plangrensa jernbanelinja, stasjonsområdet og følgjer elles elva. Dette er ei vidareføring av den eksisterande kommunedelplanen.

I løpet av prosessen med planprogrammet blei det avklart at planområdet ikkje skulle ta med Golreppen. Planprogrammet opna også for at nye trasear for rv.52 eller rv.7 kunne føre til justerte planavgrensing. Sidan trasealternativa ikkje er avklart, blir heller ikkje planavgrensinga justert.


4.2 Sentrumsutvikling og offentlege areal

4.2.1 Gol – distriktssenter i Hallingdal

Fylkesdelplan for handel, service og senterstruktur i Buskerud (2003) definerer Gol som eit distriktssenter. Eit distriktssenter er eit senter som har betydning for fleire kommunar i regionen. Det kan vera på grunn av sine offentlege og private fellesfunksjonar, kultur og rekreasjonstilbod eller kollektivtilbod. Distriktssenteret kan også fungerer som eit knutepunkt for regionen. I tillegg til Gol er også Geilo, Ål og Nesbyen definert som distriktssenter i Hallingdal.

Den sentrale plasseringa i Hallingdal er medverkande til at Gol er den største handelskommunen i Hallingdal. I tillegg til handel er offentlege kontor og større arbeidsplassar, som Nortura og Pers Hotell lokalisert på Gol.

4.2.2 Utbyggingsmønster



Figur 2: Illustrasjon av utbyggingsmønsteret på Gol.

Gol sentrum er lokalisert i krysset mellom rv.52 og rv.7. Sentrumet er i hovudsak orientert langs Sentrumsvegen, der mesteparten av sentrumsfunksjonane og aktiviteten er. Næringa og handelen på Glitre skil seg frå sentrumshandelen ved å vere store og meir næringsprega bygningar med god tilkomst for bilistar. Med unntak av enkelte leilegheiter i sentrum er bustadene på Gol i hovudsak einestader i bustadfelt, men i seinare år er det ei dreining til mindre einingar og fleirmannsbustader. Dei fleste bustadområda omkransar sentrum, med ein avstand frå sentrum på opptil 2 km. I tillegg ligg det bustader langs rv.7 ved Hagaskogen, Narvebråten og Gorolie.

Til å vera ein tettstad som har vokse «av seg sjølv» er utbyggingsmønsteret på Gol relativt kompakt. Likevel har Gol eit potensiale til å legge til rette for både meir handel, næring og bustadareal utan å opne for store nye areal. Dette stadfester stadanalysen for Gol sentrum frå 2008.

4.2.3 Sentrum

Sentrumsvegen er hovudgata i Gol sentrum. Langs Sentrumsvegen ligg det bygningar med varierende storleik og utforming. I hovudsak er bygningane to til tre etasjar, med handel og sørvis på gateplan og bustader i etasjane over.

Utnyttingsgraden i sentrum varierer, frå relativt tett ved Kremmartunet og Pers Hotell, til meir spreitt utbygging. Dette gjev Gol eit varierende grad av bypreg og landsbypreg.

I ein stadanalyse for Gol sentrum frå 2008 er sentrumsstrukturen analysert. Analysen slår fast at Gol har eit potensiale for å få ei høgare utnytting i form av ein meir bymessig utvikling som også byggjer oppunder grøne kvalitetar i sentrum. Eksisterande kvalitetar som visuell kontakt med landskapet rundt Gol og Sentrumsvegen sine historiske bygningar og identitetsverdi må takast omsyn til.



Figur 3: Illustrasjon frå stadanalyse for Gol sentrum som viser at det er relativt låg utnyttingsgrad langs sentrumsvegen (Asplan Viak, 2008).

4.3 Næringsliv


4.3.1 Handelsareal

Gol sentrum har to hovudområde for handel; På næringsområdet Glitre er det lokalisert næringsbedrifter og arealkrevjande handel, medan detaljhandel er i hovudsak lokalisert i sentrum, både i kjøpesenter og i handel mot gateplan.

I tillegg er det tilrettelagt for arealkrevjande handel på Storøyne, ved den nye innfartsvegen til sentrum. Her skal det ikkje leggjast til rette for handel som naturleg høyrer heime i sentrum.

4.3.2 Næringsareal


Glitre er i tillegg til å vera eit område for arealkrevjande handel, også eit næringsområde. Det er framleis mogleg å vidareutvikle Glitre med fleire næringsbygg. Vest for Glitre, i Klemmavegen, ligg eit anna næringsområde som heller ikkje er fullt utbygd i samsvar med eksisterande kommunedelplan. Dette arealet er vanskelegare å byggje ut fordi tilkomstvegen passerer eit bustadområde. Nortura sitt slakteri held til sør for sentrum.



Figur 4: Utklipp fra eksisterende kommunedelplan, som viser område sett av til næring.

4.3.3 Landbruk

Hovuddelen av landbruksdrifta i planområdet er i tilknytning til Golreppen i vest og Herad i aust. Enkelte område sør for Hallingdalselva er også fulldyrka. I tillegg er det fulldyrka jorde på Viko og Breidokk og på Storøyne. Disse er sentrumsnære og til dels omkransa av byggeområde.



Figur 5: Sentrumsnær fulldyrka mark innanfor planområdet. Sentrumsavgrensinga er vist med brun stipla linje.

4.4 Bustad og levekår


4.4.1 Bustadareal

Størstedelen av bustadarealet i Gol er sett av til einebustader. I 2017 var i 75% av bustadmassen i Gol kommune einebustader. Dersom ein legg til tomannsbustad og rekkehus så dekker ein 90% av alle bustadene i kommunen. Med andre ord er bustadtilbodet relativt einsarta, og det er relativt få alternativ for dei som ønskjer seg mindre leilegheiter. Reguleringsplanar i 2017 legg derimot til rette for mindre einingar og fleirmannsbustader. Kommuneplanens samfunnsdel frå 2009 opnar for ei fortetting av sentrum og understrekar behovet for eit variert bustadtilbod. Dette er også følgt opp i områdeplan for Gol sentrum frå 2011.

Innanfor planområdet ligg dei fleste bustadene innanfor 2 km frå sentrum. Dette er innanfor akseptabel sykkelavstand om sommaren. Planen har derfor eit potensiale til å leggje til rette for auka gang- og sykkel frå bustadområda og til sentrum.

4.5 Infrastruktur og transport

4.5.1 Trafikkforhold




Figur 6: Oversikt over hovudvegssystemet på Gol.

Gol ligg i krysset mellom tre hovudvegar: Riksveg 7 (Hardangerbrua – Hønefoss), Riksveg 52 (mot Hemsedal) og Fylkesveg 51 (over Golsfjellet mot Valdres). Riksveg 52 og Riksveg 7 er vurdert som hovudstamvegar mellom aust- og vestlandet, og kan vente ein trafikkauke.

Forbi Gol har rv.52 ein standard som ikkje tilfredsstillir dei krava som trafikkbelastninga tilseier.

Rv.52 er smal, uoversiktleg og svingete. Gjennomgangstrafikken, som har ein høg del tungtransport (ÅDT 15) blir blanda med lokaltrafikk mellom Gol sentrum og bustadområda i vest og på Golreppen. Rv.52 skapar såleis ei barriere for lokaltrafikken mellom handels- og tenestetilboda aust for vegen, og bustadområda vest for vegen.

I eksisterande kommunedelplan er det sett av ein framtidig trasé for ny rv.52/fv.51, vist med raud line i kartet til høgre, figur 7 Det er aktuelt å endre traseane både for rv.7 og rv.52, men dette arbeidet er ikkje ferdig. Derfor vidarefører planen den same framtidige traseen for rv.52 som eksisterande kommunedelplan.



Figur 7: Dagens veg er markert med svart strek. Raud line er alternativet til ny trase som er sett av i kommunedelplanen for Gol sentrum frå 2006.

Ulykker

I planområdet er det registrert 34 trafikkulykker dei siste 10 åra. Av desse var lettare skade den alvorlegaste skadegraden.

Dei ulykkene som har hatt fotgjengarar (1 ulykke) eller syklistar (3 ulykker) involvert har skjedd i sentrum.

Det mest ulykkesbelasta punktet er krysset vest for Høslabrua, der rv.52 møter fv.51.

Sentrumstrafikk

Gol er kommunen med størst omsetning per innbyggjar i Hallingdal og ein av landets største på detaljhandel. Handelen og tenesteytinga, i kombinasjon med ein relativt spreidd utbyggingsmønster, gjer at biltrafikken i tettstaden er høg.

Dette fører til at det også er eit stort behov for parkeringsplassar. I hovudsak er parkeringsplassane på Gol løyst med gateparkering langs sentrumsgata, kommunale parkeringsplassar og elles på område som i varierende grad er definerte til parkering.

Kollektivtrafikk

Jernbanestasjonen ligg ca. 1,6 km utanfor sentrum, og sjølv om dette er akseptabel gangavstand, så er derfor lite tilgjengeleg for gåande. Skysstasjonen ligg midt i sentrum og er i større grad tilgjengeleg for personar som ikkje køyrer bil, men som har ærend i sentrum.

4.5.2 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp

Sjølv om dei fleste utbyggingsområda i planområdet har tilgang til offentleg VA-nett, er det stadvis ei blanding av private og offentlege VA-løysingar.

Hovudleiingsnett har god kapasitet innanfor definert reinsedistrikt. Dette gjeld både vassforsyning, sløkkevatn og avlaupsnett. Det er nødvendig å auke kapasiteten på pumpestasjonar, høgdebasseng ved nokon nye utbyggingsområde.

Ei fortetting i øvre del av Petterbråten og området rundt har kommunen utfordringar i høve hovudleiingsnett og kapasitet. Her må det på plass nye trykkaukeasjonar/høgdebasseng og avløpspumpestasjonar.

Overvatn er ei utfordring og i enkelte område som f.eks. Petterbråten II bustadfelt må overvatn løysast med lokal infiltrering/ fordrøyning før det kan transporterast vidare i hovudnettet. Med bakgrunn i endra klima med mellom anna eir nedbør, vil det være aktuelt å finne andre løysingar for overvasshandtering generelt, enn tilknytning til kommunens overvassnett.

Energiforsyning

Energibruken på Gol er typisk for Noreg, med høg bruk av elektrisitet og lite utnytting av lokale energikjelder, med unntak av ved. Straumnettet har god kapasitet. Dette kjem fram av energitugreiinga for Gol kommune (2013).

4.5.3 Sosial infrastruktur

Barnehage

I planområdet er det tre offentlege barnehagar og ein privat. Kartet nedanfor viser lokaliseringa av barnehagane, der Breidokk og Hallingmo er same barnehage fordelt på to hus. Ny barnehage i Herad opna hausten 2018.

Skule og området Hallingmo

Gol skule på Hallingmo stod klar hausten 2016 og har 750 elevplassar frå 1.-10. klasse. Med den nye skulen blei dei andre skulane i planområdet slått i hop. Dette har frigjort areal på Glitrehaug og i Herad, der dei tidlegare skulane var lokalisert.



Figur 8: Nye Gol skule 1.-10. klasse. Kjelde: Veidekke.no

På Hallingmo ligg også Gol samfunnshus, vidaregåande skule og ein fleirbrukshall. Området er under utvikling og vil kunne romme funksjonar som frisklivspark, scene og amfi og bypark der diverse utomhusaktivitetar kan arrangerast.


Helsetenester

Helsetunet ligg ved Breidokk og har 32 sjukeheimplassar. Eksisterande kommunedelplan har sett av areal til ei framtidig utviding av Helsetunet.

Legevakt og legekantor er lokalisert i kommunehuset.

4.6 Barn og unges interesser


Kartet nedanfor viser leike- og rekreasjonsområda som er kartlagt på Gol. Fargane viser til verdsettinga, der raud har høgst verdi og gul har lågast.



Figur 9: Kartlagde leike- og rekreasjonsområde på Gol. Kjelde: Gol kommune.

Leike og rekreasjonsområde er definert som område som leikeplassar, ballplassar, nærmiljøanlegg, hundremeterskogar, parkar og liknande område som har eit areal mindre enn 20 daa. Desse områda er viktige for personar som har ein låg aksjonsradius frå bustaden, som barn og eldre.

Hallingmo er eit av dei viktigaste områda for barn og ungdom. Det ligg lett tilgjengeleg i Gol sentrum, med tilrettelagte leikeområde rundt skulane, idrettsbanar, turområde og turterreng med lysløype.




Figur 10: Konsept for Hallingmo. Kjelde: Delrapport masterplan Hallingmo 2017.

4.7 Folkehelse og grøne areal

4.7.1 Folkehelse

Friluftsliv

Gol kommune har i 2017 kartlagt og verdsett friluftsområde i samsvar med rettleiaren frå Miljødirektoratet. Figur 11 viser resultatet av verdsettinga, der raud er område med A-verdi, medan grønt er område med lågast verdi.



Figur 11: Kart over verdsetting av friluftsområde, der raud område er viktigast (A-verdi), medan grøne område er minst verdfulle (D-verdi). Oransje område har B-verdi og gule har C-verdi. Kjelde: Gol kommune.

Kartlegginga viser at dei viktigaste områda er leike- og rekreasjonsområde, nærturterreng og grønkorridorar i nærleiken av sentrum og eksisterande bustadområde.




Figur 12: Lokalisering av det statleg sikra friluftsområdet Glitre. Kjelde: Miljøstatus

Glitre friluftslivsområde er området som har høgast verdi. Dette er eit statleg sikra friluftsområde som ligg mellom Hallingdalselva og rv.7. Området er tilrettelagt med grillar, sandvolleyballane, badeplass med baderampe, universelt utforma toalett, plenar og gangveggar.

Støy

Trafikkerte vegar er den største kjelda til støy. Støyvarselkartet nedanfor viser at Gol tettstad i hovudsak er skåna frå vegstøyen, men at areal på opptil 250 meter frå vegsenter kan vere støyutsett. Topografi og bygningsmasse påverkar kor stort område som er støyutsett.

Statens Vegvesen har utarbeidd støyvarselkart for riksvegar og fylkesvegar. Karta er basert på utrekningar og ikkje konkrete målingar. Raud støysone har støy høgare enn L_{den} 65 dB og gul støysone har eit støynivå mellom L_{den} 55 dB og L_{den} 65 dB. Dette samsvarar med grenseverdiane som er sett i Miljøverndepartementet sin retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging.



Figur 13: Støyvarselkart for fylkes- og riksvegar. Kjelde: Statens Vegvesen

Luftkvalitet

Dei viktigaste kjeldene til luftforureining er utslepp frå vegtrafikk, bustadoppvarming og industri. Utsleppsmengda varierer både gjennom døgnet og gjennom året. Vinteren er årstida med størst ureining fordi bruken av vedfyring, piggdekk og eksosutslepp frå kalde motorar aukar.

Det finst ikkje konkrete data på luftkvaliteten på Gol. Generelt sett er luftkvaliteten betre i bygder og på mindre stader enn i byområde, men også på tettstader kan lokal topografi, industri og trafikk- og busettingsmønster gje store variasjonar i luftkvaliteten lokalt.

4.7.2 Natur og miljø


Topografi og landskap

Gol sentrum ligg i møtet mellom to markerte V-dalar, Hemsedal og Hallingdal, men vender i hovudsak mot landskapsrommet i Hallingdal, med Hallingdalselva i botnen.

Sjølv tettstaden strekker seg frå elva og opp i den sørvendte dalsida. Ved Herad svingar Hallingdal og lia med planområdet blir derfor meir vestvendt. Elva Hemsil, som kjem frå Hemsedal, deler planområdet i to.

Sentrumsområdet på Gol har ei svak, men tydeleg helling mot elva. Terrenget er relativt slett, og med unntak av Hahaugen er det få markerte landskapselement. Det er likevel relativt flatt samanlikna med bustadområda som omkransar sentrum.


Det relativt opne terrenget, og dei låge bygningane på Gol gjer at hovudterrengforma og landskapet rundt tettstaden er visuelt blir opplevd frå sentrum. Dette gjeld ikkje minst for det særmerkte kulturlandskapet Golreppen som ligg ovanfor Gol sentrum. Kontakten mellom Gol sentrum og Golreppen byggjer opp under Gol sin identitet som ein tettstad i eit tradisjonelt landbruksområde.



Figur 14: Landskapsmodell av Gol sentrum, med Hahaugen til venstre og kulturlandskapet på Golreppen midt i bildet (kommunekart)


Kulturminne og kulturmiljø

På Gol er det spor etter menneske tilbake til 2-300-talet e.Kr. Gardsbusettinga veit ein går tilbake til 700-800-talet. Bortsett frå utmarksminne (som kolgroper) er dei einaste registrerte kulturminna to gravrøyser, tradisjonslokaliteten på Hahaugen og gamle tuffer etter Gol gamle stavkyrkje.



Figur 15: Kartet viser registrerte kulturminne på Gol, både SEFRAK-registrerte bygningar (trekantar), arkeologiske kulturminne (rune-R). (miljøstatus.no).

Ein del bygningar i sentrum er SEFRAK-registrert. Nokre få av desse er freda, medan andre er verneverdige. I samband med tettstadanalysen i 2008 blei det laga ein oversikt over bygningar vurdert som verdifulle av Buskerud fylkeskommune. Desse bygningane er vist i kartet nedanfor. Ein komplett oversikt over verneverdige bygningar på Gol finst ikkje.



Figur 16: Bygningar som i følge Buskerud fylkeskommune har låg (lys blå), middels (mellom-blå) og høg verdi (mørk blå). (Asplan Viak 2008).


I tillegg er det vest for Heslabrua verneverdige kulturmiljø, mellom anna på gardstuna til Bruset (gnr. 14/29) og Bruvoll (gnr. 14/44, den tidlegare tingstova på Bygdheim (gnr. 14/50) og ungdomshuset på Vonheim på Bøhn (gnr. 14/38). Desse representerer heilskaplege tun og bygningar med høg identitetsverdi.

Dei eldre bygningane, både i og utanfor sentrum, gjev eit bilete av utviklinga på Gol, og gjev såleis ein identitet til tettstaden.

Kulturlandskap

Kulturlandskapet på Golreppen ligg delvis innanfor og delvis utanfor planområdet. I følgje naturbase er Golreppen eit heilskapleg og stort kulturlandskapsområde, som har høg kulturhistorisk verdi på grunn av ein del verdifulle enkeltbygningar og ei interessant kulturhistorie. Sjølv om berre ein del av området har botaniske kvalitetar, så er desse kvalitetane verdifulle. Dette er beitemark med lang kontinuitet og område med raudlista artar. Samla sett har Golreppen lokal verdi i kulturlandskapsamheng.


Den delen av det registrerte kulturlandskapet som ligg innanfor plangrensa er i stor grad utbygd til bustadfelt for einebustader. Ein del av området er framleis utmark. I randsona mot nord og vest er det også noko innmark.



Figur 17: Kulturlandskapet på Golreppen har lokal verdi og ligg delvis innanfor planområdet. Kjelde: Naturbase

Naturtypar

Kartet nedanfor viser omfanget av viktig og svært viktige naturtypar, og registrerte artar av stor og særleg stor forvaltingsinteresse.



Figur 18: Kartet viser viktige naturtypar og artar innanfor planområdet. Kjelde: Naturbase.

Naturtypene som er innanfor planområdet er slåttemark, bekkekløfter og gråor-heggeskog. Slåttemark er areal som blir regelmessig slått, men som ikkje er oppdyrka eller gjødsla. Slåttemarkene er artsrike, med mange spesialiserte og sjeldne planter og insekt. Bekkekløfter er viktige i naturmangfaldssamanheng fordi dei ofte har eit stabilt mikroklima som er attraktivt for artar med spesifikke krav til levestad. Gråor-heggeskog har eit fuktig og næringsrikt miljø som gjev utgangspunkt for høg biologisk produksjon og stort artsmangfald både blant planter og dyr.

Blant dei ulike typene trua artar knytt til naturtypene slåttemark, bekkekløft og gråor-heggeskog i planområdet finn me blant anna insekt (gulstripet bjørneblomsterflue), planter (krattsleie), soppar (furufåresopp) lav (fossefiltlav og elfenbenslav) og fuglar (som storspove, hettemåke, rosenfink, fiskemåke, taksvale, sandsvale, stær, vipe, hønsehauk, kornkråke, tyrkerdue, gulspurv, og blåstrupe).

Dei framande artane er i hovudsak vinterkarse, som har etablert seg langs rv.7 og hagelupin langs rv.52.

Vatn og vassdrag

Hallingdalselva, som renn gjennom planområdet, har vore overvaka sidan nittitalet. Vasskvaliteten er stort sett god i hovudvassdraget i følgje vannportalen.no. Overvakinga viser at avrenning frå landbruk i liten grad påverkar vasskvaliteten. Avløp kan påverke lokalt i tilknytning til utsleppsområda, men for nærings salt er vasskvaliteten bra. Elva er heller ikkje utsett for forsuring.

4.8 Samfunnstryggleik og beredskap

4.8.1 Risiko og sårbarheit

Dei største naturfarerisikoane for planområdet er flaum og skred. I tillegg er det risikoar knytt til trafikkavvikling.

Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Gol kommune avdekkar at skred/ras, flaum, ekstremvær og fråfall av elektrisitetsforsyning er dei hendingane som gjer at flest samfunnskritiske funksjonar blir råka. God arealplanlegging blir framheva som tiltak knytt til desse hendingane.

Skred

NVE har i 2017 kartlagt skredfaren og utarbeidd nye skredfarekart for Gol sentrum. I dei kartlagte områda er det lausmasseskred og steinsprang som utgjer den største faren for eksisterande bygningar.

Flaum


I 2006 blei det gjennomført flaumsonekartleggingar for Gol, både 500-årsflaum og 200-årsflaum. For å ta høgde for framtidig auke i nedbørsmengde og intensitet skal det leggest til eit klimapåslag på 5-10% (kjelde Miljøstatus.no).

Grunnforhold

Gol ligg over marin grense. Det er derfor ikkje kvikkleire på Gol.

Lausmassane i planområdet er i hovudsak morene (grønt), elve- og bekkeavsetning (gult) og breelvavsetning (oransje). Lausmassemektigheita er tykt dekke.


Infiltrasjonsevna i morenemassen er middels eigna. Elve- og bekkeavsetninga og breelvavsetninga har god infiltrasjonsevne.



Figur 19: Lausmassekart for Gol. Grønt er morene, gult er elve- og bekkeavsetning og oransje viser breelvavsetning. Kjelde: Geo.ngu.no

Bergarten på Gol er i hovudsak kvartsitt (gult) og migmatitt (rosa). Dei mørke brune felta er Gabbro, amfibolitt.

Radonkart viser at det er ei viss fare for radon på Gol. I sentrum er det anslått høg aktsemdsgrad for radon, elles i planområdet ligg aktsemdsgraden på moderat til låg. Teknisk forskrift (TEK17) set krav om at bygningar til varig opphald skal ha tilfredsstillande radonkonsentrasjon og radonsperre.



Figur 20: Aktsemdskart for radon. I sentrum er det høg og moderat til låg aktsemdsgrad for radon.
Kjelde: Geo.ngu.no

5 HOVUDGREP I PLANFORSLAGET

5.1 Hovudgrep

Kommuneplanprosessen har særskilt tatt omsyn til følgjande plantema:

- Samfunnstryggleik og beredskap
- Infrastruktur og transport
- Næringsliv
- Bustad og levekår
- Sentrumsutvikling og offentlege areal
- Barn og unges interesser
- Folkehelse og grønne areal

5.2 Sentrumsutvikling og offentlege areal


Sentrumsavgrensing

Planen har sett ei sentrumsgrense (sjå figur 21 på neste side) som er avgrensa mellom Hallingmo i nord og elva i sør. I aust og vest er sentrumsgrensa avgrensa av brua over Heimsil og den ovale rundkøyringa. I plankartet er denne sentrumsgrensa vist som føresegningsområde #1. Gangavstanden mellom rundkøyring og brua er om lag 1 km.

I vurderinga av sentrumsavgrensinga er følgjande faktorar lagt til grunn:

- Tilgjenge: Akseptabel gangavstand frå den eine enden av sentrum til den andre er om lag 1 km i luftlinje.
- Funksjonar: Område som har funksjonar som samsvarar med sentrumsføremål er teke inn i sentrumsavgrensinga. Område med arealkrevjande handel er utanfor.
- Sosiale fellesareal: Viktige sosiale møteplassar som Hallingmo er med.
- Fortetting: Område som eignar seg for fortetting er teke med i sentrum.
- Grøntareal og fellesareal: Prinsippet om grøntareal som bind «Gol på tvers» er teke omsyn til. Dette inkluderer kopling mot elva.
- Geografiske avgrensingar: Landbruksområde dannar ei naturleg barriere mot sentrum, det same gjeld vassdraga.

I tillegg viser plankartet kva som er sentrumskjerna, vist som arealføremålet sentrumsområde (BS).



Figur 21: Sentrumsavgrensing

For å leggje til rette for auka aktivitet i sentrum er det gjort følgjande grep i føresegnene:

- Sentrumsavgrensinga er føresegsområde #1, med egne føresegner om etablering av kjøpesenter.
- Føremål som kan etablerast i sentrumsområdet er forretningar, tenesteyting, bustad, kontor, hotell/overnatting, bevertning i tillegg til grøntareal og uteområde. Handel og tenesteyting med høg besøksfrekvens skal lokaliserast i sentrum.
- Krav om at nye 40% av nye parkeringsplassar skal etablerast under bakken er vidareført.
- Det blir opna for at bustader innanfor sentrumsavgrensinga skal kunne byggast ut både tettare og høgare, og for ei noko høgare byggjehøgde og utnyttingsgrad i sentrum.
- Krav om opne fasadar og publikumsretta funksjonar i første etasje for bygningar mot sentrumsvegen.

5.3 Næringsliv

Næringsareala skal lokaliserast slik at det styrkar sentrumsutviklinga på Gol. ABC-prinsippet for lokalseiring av næringsliv er lagt til grunn for planarbeidet.

ABC-prinsippet gjer at rett næring blir lokalisert på rett stad. Næringar med høg besøksintensitet (A-næringar) skal lokaliserast sentralt medan arealkrevjande og støyande næringar (C-næringar) skal lokaliserast utanfor sentrum, men med god tilknytning til hovudvegsamband.

Alle innspel om næringsareal er også vurdert opp mot konflikt mot sentrum, tilgang til transportaksar og kva type næringsverksemd det er.

5.3.1 Handel

Planen legg ikkje opp til nokon vesentleg utviding av nytt handelsareal på Gol, utover dei områda som alt er detaljregulert til handel og næring på Storøyne og ved Vikojordet. Handelsområdet på Storøyne blir utvida noko mot vest.

På følgjande areal er det opna for handel:

Område for handel		
Nr.	Namn	Utbyggingsstatus
BS	Sentrum	Bygd ut, opna for fortetting og auka byggjehøgder. Detaljhandel er tillatt.
BKB2	Gamle sentrum	Bygd ut, opna for fortetting og noko auka byggjehøgder. Plasskrevjande varehandel er tillatt.
BKB4-6	Vikojordet og Storøyne	Under utvikling. Volumhandel og plasskrevjande varehandel er tillatt.
BKB7	Storøyne	Bygd ut. Volumhandel og plasskrevjande varehandel er tillatt.
BKB8	Storøyne	Ubygd, under utvikling. Plasskrevjande varehandel er tillatt.
BKB9	Storøyne vest	Ubygd, under utvikling. Plasskrevjande varehandel er tillatt.
BN13	Glitre	Bygd ut, noko fortettingsmoglegheiter. Plasskrevjande varehandel og møbelforretningar er tillatt. Det er ikkje tillatt med ny detaljhandel og volumhandel.
BN14	Glitre	Ubygd, rekkefølgjekrav om flytting av idrettsanlegg. Plasskrevjande varehandel og møbelforretningar er tillatt.

5.3.2 Industri og næringsareal

Planforslaget opnar for to nye område for næringsareal. Ved Gol stasjon blir det opna for at føremålet blir endra frå jernbaneføremål (tankanlegg) til næring (BN2). Det er også lagt

til rette for næringsarealet på Leirhaugen (BN1) kan utvidast, på vilkår at det blir etablert ein ny tilkomst frå Rv 7.

Følgjande næringsareal er nye.

Nye næringsområde			
Nr.	Namn	Areal	Arealbruk
BN1	Leirhaugen	79 daa	Næring
BN2	Stasjonsvegen	7 daa	Næring

Følgjande næringsareal blir vidareført frå eksisterande plan:

Eksisterande næringsområde	
Nr.	Arealbruk
BN10	Miljøstasjon
BN11,12,17,18,25,27	Lett industri, verkstad, lager, engros
BN18	Bensinstasjon, verkstad
BN21	Energiverk
BN22	Avfallsmottak, lett industri, transport av gods
BN23	Bensinstasjon
BN24	Lett industri, verkstad, lager
BN26	Tømmerlege

5.3.3 Turisme

Arealføremåla knytt til turisme er i hovudsak campingplassar. I tillegg er det mogleg med turismeretta aktivitetar innanfor sentrumsføremål og føremålet idrettsanlegg. Dette er vidareført frå eksisterande plan og praksis.

Eit område vest for jernbanestasjonen er sett av til idrettsanlegg (BIA1). Idrettsanlegget er tenkt som motorsport, med tanke på snøskuterkøyring. Dette er ei vidareføring av foreslått område i førre kommunedelplan. Føresegnene set krav om detaljreguleringsplan, som må sjå anlegget opp mot reglane i motorferdselslova. Omsynet til friluftsliv og støy skal også sikrast i reguleringsplanen.

5.3.4 Landbruk

Breidokkjordet og Vikojordet ligg sentralt på Gol. Dette er fulldyrka og relativt lett drivne jorde, men som er pressa av utbygging på grunn av den sentrumsnære plasseringa. Denne planen legg ikkje til rette for ny utbygging på Vikojordet. Bustadområdet i nordre del av Vikojordet er likevel vidareført frå eksisterande plan.

På Breidokk heimlar kommunedelplanen frå 2006 eit utbyggingsområde for å sikre areal til ei eventuell utviding av Gol helsetun. Dette området er vidareført som arealføremålet

offentleg eller privat tenesteyting BOP22 i denne planen. Sjølv om resten av jordet på Breidokk er sentrumsnært og har gode føresetnader for bustadutvikling, er dette ikkje tilrådt av omsyn til jordvernet.

5.4 Bustad og levekår

5.4.1 Prinsipp og kvalitetar

I dei overordna føringane for planprosessen har det vore eit mål om å auke variasjonen i bustadtilbodet, leggje til rette for meir konsentrert bustadbygging i sentrum med kvalitet og lokalisere bustadareal slik at det er enkelt å gå, sykle eller sparke frå bustaden til sentrum og skule/barnehage.

For å oppnå dette er alle nye bustadområde vurdert ut i frå avstand til sentrum og tilgang til gode gangaksar. Føresegnene opnar for konsentrert bustadbygging i føresegnsområde #1 sentrum, det vil seie tomannsbustad, kjedehus, rekkehus eller lågblokk på opptil 18 meter.

I framtidige bustadområde kan bustader oppførast som einebustad, tomannsbustad, kjedehus eller rekkehus. Det er opna for ei byggjehøgde på 10 meter.

5.4.2 Nye bustadareal

Vurdert opp mot framskrivingar av innbyggjartal er det god dekning i bustadareal på Gol. Per 2. kvartal i 2022 var det 4 735 innbyggjarar på Gol. I 2030 er det forventa at det er 4 880 innbyggjarar i Gol kommune etter hovudalternativet til Statistisk sentralbyrå. Det betyr ein folkevekst på 135 personar.

Planen legg opp til 82 daa nye bustadareal. I tillegg blir fleire ubygde bustadområde vidareført frå eksisterande planar. Tabellane nedanfor viser kapasiteten på ledig bustadareal på Gol.

Det blir også lagt opp til moglegheit for å fortette i eksisterande område, både i sentrum og i bustadfelt. Føresegnene opnar for at ein kan dele opp eksisterande bustadtomter, så sant kvalitetar som gode solforhold, uteoppfallsareal, støy og infrastruktur er sikra, og det ikkje er naturfarerisiko.

Dei nye bustadområda er lagt i tilknytning til eksisterande bustadområde.

I sentrum skal det vere mogleg å byggje noko høgare og tettare enn det eksisterande plan opnar for. Føresegnene opnar for høgare utnyttingsgrad og høve til meir kompakte buformer innanfor sentrumsavgrensinga.

Nye bustadområde		
Nr.	Namn	Areal
B1	Tuppeskogen vest	36 daa
B2	Gamle Gol skule	15 daa
B3	Breidokk	8 daa
B23	Møllebakken	8 daa

26(34)

PLANOMTALE
08.06.2023
UTKAST

B47	Klemmavegen	15 daa
	Totalt	82 daa

5.5 Infrastruktur og transport

Alle nye utbyggingsareal er vurdert opp mot tilgang både for mjuke trafikantar og biltrafikk. Kapasitet på dagens VA-nett er også vurdert. Næringsareal er vurdert opp mot vegtilkomst.

5.5.1 Trafikk

Mjuke trafikantar

Omsynet til tilkomst for mjuke trafikantar er lagt vekt på i vurderinga av nye areal som bustad, handel og tenesteyting. Føresegnene set også krav til at arealplanar skal prioritere tilgjenge for gåande, syklande og reisande med kollektivtransport. Snarvegar skal kartleggast og sikrast og det skal etablerast nye snarvegar mellom viktige gangruter og målpunkt.

Framtidige gangaksar mellom sentrum og Glitre er vidareført, og sikrar heimel til å etablere gang- og sykkelveg til grøntområda langs elvene og mellom ulike arealføremål.

Konsekvensane for mjuke trafikantar er vurdert som positive.

Biltrafikk

Kommunedelplanen har balansert målsettinga om redusert biltrafikk samstundes som tilkomst med bil framleis vil vere viktig for både næringsliv og brukarar av ulike funksjonar på Gol.

Planen legg opp til at dei som kan gå og sykle skal kunne velje dette alternativet. Parkering i sentrum skal i stor grad etablerast under bakkenivå. Nye handels- og næringsareal skal leggast slik at dei er lett tilgjengelege frå hovudvegar.

Kollektivtrafikk

Busstasjonen på Gol sentrum handterer både skuleruter, lokalbussar og ekspressbussar, og har behov for meir fleksible køyreløysingar. Konsekvensutgreiinga vurderte eit innspel om å utvide busstasjonen, og konkluderte med at ei utviding må bli sett i samanheng med trafikkavviklinga i området mellom Sentrumsvegen og Gymnasvegen, heilt ned til rundkøyringa. Dette må løysast på eit lågare plannivå.

Det blir ikkje lagt til rette for nye utbyggingsføremål som påverkar jernbanen, anna enn føremålet BN2, som er gjort om frå jernbaneareal til næringsareal. Tilkomstvegar både med bil og for mjuke trafikantar er vidareført frå den gjeldande kommunedelplanen.

5.5.2 Sosial infrastruktur

Planen legg opp til ei lita utviding av bustadkapasiteten på Gol, både med enkelte nye bustadområde og ei opning for auka tettleik i sentrumsområdet. Dette er vurdert at dei nye utbyggingsføremåla ikkje fører til at barnehagar eller skular får kapasitetsproblem.

På Breidokk er det vidareført areal for ei mogleg utviding av helsetunet (BOP22).

5.5.3 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp

Alle dei nye utbyggingsområda kan koplast på eksisterande VA-nett. I området mellom Helsarystadn – Steinmoen vil ei opning for ny utbygging få konsekvensar for kapasiteten på VA-anlegget. På sikt kan det føre til behov for nytt høgdebasseng.

Føresegnene krav til at nye tiltak blir kopla til offentleg VA-nett. Det er også krav til handtering av overvatn. Løysingane dokumenterast på reguleringsplannivå og i samband med byggjesak dersom tiltaket ikkje set krav om reguleringsplan.

Energiforsyning

Planen legg ikkje opp til tiltak som medfører eit stort auka behov i energiforsyning.

Eksisterande høgspentanlegg er vist i plankartet med omsynssone H370. Bygningar som blir etablert innanfor omsynssona må sikre forskriftsmessig avstand til kraftleidning.

5.6 Barn og unge sine interesser

Planen tar fleire grep for å sikre barn og unge sine interesser. Alle nye utbyggingsområde er vurdert ut i frå gangavstand til skule, trafikktryggleik og konsekvensar for leikeområde. Dei registrerte leikeområda på Gol er vekta høgt i konsekvensvurderinga.

Føresegnene set krav om at felles leikeareal skal ha trafiksikker tilkomst og etablerast innanfor ein radius på 100 meter frå bustader. Det er også sett krav om etablering av nærleikeplass, områdeleikeplass og aktivitetsleikeplass/balløkke etter kor mange nye bustader som blir etablert. Leikeplassane skal vere skjerma mot trafikk, forureining og støy, og ha gode solforhold.

5.7 Folkehelse og grøne areal

Omsynet til folkehelse går att i alle tema. Eit hovudfokus for folkehelse er å leggje til rette for at folk vel å gå/sykle i staden for å køyre bil, og det er enkel og trygg tilgang til friluftsområda. Derfor er alle ny arealbruk vurdert opp mot avstand til sentrum, og i kor stor grad det er tilrettelagt med fortau eller gang- og sykkelveg. Avstand og tilgang til friluftsområde er også vurdert. Område som byggjer ned viktige friluftsområde har i stor grad blitt nedprioritert.

5.7.1 Friluftsliv

Område langs Heimsil og Hallingdalselva har eit potensiale for både friluftsliv og å kople sentrum saman med Glitre og Storøyne. Derfor er traseane for gang- og sykkelveg vidareført frå den eksisterande kommunedelplanen.

Følgande turområde er lagt inn som grønstruktur og turveg:

- Lysløypetraseen på Hallingmo er lagt inn som grønstruktur.
- Turstien gjennom skogen på høgskuletomta, forbi Renslo mot Åsgardane.
- Turvegen frå samfunnshuset og opp til Robølevegen.

Omsynssoner for friluftsliv er sett av på følgjande stader:

- Renslo
- Hagaskogen

5.7.2 Universell utforming

Prinsippet om universell utforming er framheva i føresegnene. All planlegging, søknad om tiltak og opparbeiding av bygg og anlegg skal ta omsyn til universell utforming.

5.7.3 Naturverdiar

Alle utbyggingsområde er vurdert opp mot naturverdiar, og ingen av områda kjem i direkte konflikt med kjende naturverdiar. Føresegnene set likevel krav om at utbygging skal ta omsyn til naturmangfaldet.

Plankartet viser følgjande område som er sett av til omsynssone naturmangfald:

- Svingen og Svøo (slåttemark).
- To lokalitetar langs Hallingsdalselva med Or/heggskog som har regional verdi.
- Lianåni – naturtype bekkekløft og bergvegg – nasjonal verdi med funn av fleire raudlisteartar.
- Området som grensar inn til Renslo i nordvest.
- Elvekantane langs store delar av Hemsil og Hallingdalselva.

5.7.4 Kulturminne

Alle freda kulturminne er vist som omsynssone d), bandlagt etter kulturminnelova. Dette gjeld alle automatisk freda kulturminne, i tillegg til:

- Frøysok nedre, loft (Askeladden ID 177904-1)
- Hoftun øvre, loft (Askeladden ID 116737-1)
- Hoftun nedre, stabbur (Askeladden ID 116738-1)

Verneverdige kulturmiljø er vist som omsynssone c) bevaring av kulturmiljø. Dette gjeld:


- Bruslet, gardstun (gnr. 14/29)
- Bruvoll, gardstun (gnr. 14/44)
- Tingstua på Bygdheim (gnr. 14/50)
- Ungdomshuset Vonheim på Bøhn (gnr. 14/38)
- Renslo (gnr. 14/15), verneverdig tun med hallingstove og uthus i eit godt bevart jordbrukslandskap.
- Kristenbråten (gnr. 25/329), verneverdig tun med hallingstove og uthus i eit godt bevart jordbrukslandskap.
- Sentrumsvegen 86, 88 og 90, Furuset 25/61: Forretningsgård, bolighus og verksted middels verneverdi.
- Sentrumsvegen 101, Frydenlund 26/103: Bolighus middels verneverdi.
- Sentrumsvegen 103, Trekanten 26/102: Bolighus middels verneverdi.
- Sentrumsvegen 105, Gol bedehus 10/21: Bedehus høg verneverdi.
- Sentrumsvegen 106, Bergtun 25/104: Forretningsgård middels verneverdi.
- Sentrumsvegen 109, Gol Sparebank 29/18: Bankbygning høg verneverdi.
- Sentrumsvegen 112 og 114, Bjørnstad 26/90: Forretningsgård middels verneverdi.

Føresegnene seier at i område som er avsett til omsynssone kulturmiljø skal omsynet til estetisk tilpassing og byggjeskikk vektleggast. I tillegg opnar føresegnene for at eksisterande bygningar kan pussast opp, moderniserast og byggast om så lenge det ikkje går utover bygningens eigenverdi. Eksisterande utomhusanlegg skal takast vare på. Det er også krav om at nybygg skal ha ei plassering og utforming som harmoniserer og vidarefører kvalitetane frå den eksisterande verneverdige strukturen og byggjeskikken.

5.8 Samfunnstryggleik og beredskap

Eignaheitskartet som viser eigna område for utbygging er lagt til grunn for konsekvensutgreiing og ROS-analysen. Sjå vedlegg 3.

Kartet er utarbeidd frå kartlaga flaumfare (200 år), bratt terreng, høgspenlinjer med buffer, aktsemdsomsråde (lausmasse, steinsprang, flaum 500 år og snøskred), fulldyrka jord, naturtypar, kulturminne og raudlisteområde.



Figur 22: Eignaheitskart over Gol. Raudt viser ueigna utbyggingsområde, gult er område som må undersøkast nærare. Grå område er eigna for utbygging. Kartet er utarbeidd av Sweco. For større kart, sjå vedlegg 3.

Det er ikkje lagt til rette for nye areal for utbygging som ligg innanfor faresoner for skred eller flaum. Føresegnene sikrar at overvatn skal handterast og dokumenterast i alle plansaker. Føresegnene sikrar også at flaum og ras skal vurderast i alle saker, både byggjesak og reguleringsplanar.

6 KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET: SAMANDRAG

Dette kapittelet viser summerer opp konsekvensutgreiinga og vurderer dei samla konsekvensane for miljø og samfunn for heile planforslaget.

For heile konsekvensutgreiinga, sjå vedlegg I

6.1 Samla konsekvensar for ny arealbruk

Tabellen nedanfor viser kor store konsekvensar som er vurdert til kvart utgreiingstema. Det er berre tatt med konsekvensar for dei tilrådde arealføremåla som er tatt inn i planen.

Utgreiingstema	Konsekvens	Avbøtande tiltak
Landskap	Arealføremål ligg i tilknytning til kultur- landskapsområde (B1, B47 og BN1).	Føresegner om byggjehøgder knytt til arealføremåla. Generelle føresegner om landskap og estetikk.
Naturmiljø	Registrerte nær trua artar og ansvarsartar (BN1).	<u>Føresegner</u> : Generelle føresegner om ivaretaking av biologisk mangfald og ureining.
Naturressursar	Del av skogs- område med middels bonitet (B1).	Ingen konkrete tiltak. <u>Planprosess</u> : Fleire område som råkar dyrka mark er rådd i frå.
Kulturminne og kulturmiljø	Registrerte kulturminne i området (BN1). Sefrak-registrert kulturminne (B3).	<u>Føresegner</u> : Generelle føresegner om kulturminne og kulturmiljø. <u>Plankart</u> : Automatisk freda kulturminne er vist med bandleggingssone. Bevaringsverdige bygningar, kulturmiljø og kulturlandskap er vist med omsynssone H570 og tilhøyrande føresegner.
Teknisk infrastruktur og klima/ transport	Låg kapasitet på VA-nettet (B1). Ikkje gangavstand til sentrum (B1). Uheldig tilkomstveg med blanda trafikk næring/ bustad (BN1).	<u>Føresegner</u> : krav om tilfredsstillande VA-løysingar i byggjesak og plansaker. Krav om dokumentasjon av gangaksar og snarvegar i reguleringsplan. Rekkefølgjekrav om eiga avkøyring til BN1.
Sentrums- utvikling	Ingen registrerte konflikhtar i tilrådde område.	
Nærings- utvikling	Fjernar ein lite brukt ridebane (B3).	Ingen konkrete tiltak. Ridebanen er erstatta.

<p>Barn og unge sine interesser</p>	<p>Tiltak kan råke areal registrert som leikeareal (busstasjon, B1, B2).</p> <p>Tilkomstveg skapar utrygg skuleveg (BN1).</p>	<p><u>Plankart:</u> Avgrensa omfanget av utbyggingsføremålet (B1).</p> <p><u>Føresegner:</u> Krav om dokumentasjon av gangaksar og snarveggar i reguleringsplan.</p> <p>BN1 har rekkefølgekrev om eiga avkøyning for å unngå blanda trafikk.</p> <p><u>Planprosess:</u> Omsyn til leikeareal grunngjeving for å rå frå.</p>
<p>Folkehelse og grønne areal</p>	<p>Råkar eller kan råke område registrert som friluftsområde (busstasjon, B1, B3, BN1, BN2).</p>	<p><u>Føresegner:</u> Føresegner til omsynssone friluftsliv.</p> <p><u>Plankart:</u> Justert arealbruken for å sikre heilskapleg friluftsområde (B1).</p> <p>Omsynssone friluftsliv sikrar dei viktigaste friluftsområda.</p> <p><u>Planprosess:</u> Omsyn til friluftsområde med høg og svært høg verdi var grunnlag for å rå i frå arealføremål.</p>
<p>Samfunns-tryggleik og beredskap</p>	<p>Nær utløpsområde for skred, flaumsone og/eller høgspont (BN1, BN2, BKB8 og BKB9).</p>	<p><u>Føresegner:</u> Krav om tilfredsstillande ROS-analyser både for nye reguleringsplanar og byggesøknad.</p> <p>Flaum og skred er forhold som skal avklarast i reguleringsplanar.</p>

6.2 Samla konsekvensar for miljø og samfunn

I dette kapittelet er dei samla konsekvensar for miljø og samfunn for heile planforslaget vurdert.

6.2.1 Konsekvensar for miljø

Natur- og kulturmiljø

Planforslaget har lagt inn fleire omsynssoner for å sikre natur- og kulturmiljø. På den måten blir miljøa med særleg verdi tydelegare framheva i planen.

Ei tettare utbygging i sentrum kan få konsekvensar for dei verneverdige bygningane i sentrum. Dette kan sikrast ved at framtidige detaljreguleringsplanar og byggesaker tek omsyn til det heilskaplege kulturmiljøet når detaljane skal utformast.

Ureining

Det er ikkje lagt til rette for nye utbyggingsføremål som vil medføre ein stor risiko for utslepp. Nye arealføremål er heller ikkje lagt i direkte tilknytning til ureinande verksemdar.

Klimautslepp

Planen opnar for eit utbyggingsomfang og struktur som skal styrke eksisterande sentrumsområde, både i form av auka byggjehøgder og føresegner om lokalisering av føremål. Nye utbyggingsføremål for bustad er vurdert opp mot gang- og sykkelavstand til sentrum, og ABC-prinsippet er lagt til grunn for lokalisering av næringsliv. Dette er i samsvar med prinsippa for samordna areal- og transport, som skal kunne bidra til ein lågare biltrafikk.

6.2.2 Konsekvensar for samfunn

Gol – distriktssenter i Hallingdal

Distriktssenterrolla til Gol i Hallingdal er i hovudsak knytt til handel i Gol sentrum og på Glitre.

Kommunedelplanen har ikkje lagt opp til ei stor utviding av handelsareal, men det er tilgang på regulerte, ubygde handelsareal ved den nye tilkomsten til Gol sentrum over Storøyne. Det er likevel lagt opp til ein høgare utnyttingsgrad både på Glitre og i sentrum. På den måten blir det opna for fleire bygningar i sentrum og på Glitre, utan at meir ubyggt areal blir teke i bruk.

Lokalisering av handel påverkar kvaliteten og aktivitetsnivået i sentrum. Kommunedelplanen har derfor freista å sikre at handel og andre aktivitetar som styrkar sentrum skal leggast til sentrum, medan større og meir arealkrevjande handelsområde skal kunne etablerast utanfor.

Bu- og leveforhold

Krav til leikeareal, utomhusareal og kvalitetar knytt til støy og ureining i detaljreguleringsplanar og byggjesak er sikra i planføresegnene. Prinsippet om å leggje til rette for eit utbyggingsmønster som reduserer bilbruken og hevar sentrumskvalitetane, vil også verke positivt for bu- og levemiljøet på Gol.

Nye utbyggingsområde er nøye vurdert opp mot konsekvensane og moglegheitene for utøving av friluftsliv. Område med særleg verdi for friluftsliv er vist med omsynssoner. Det er derfor vurdert at planen vil ha positive konsekvensar for bu- og levemiljøet på Gol.

Tryggleik og risiko

Ingen av dei nye utbyggingsføremåla ligg i område som er utsett for naturrisiko. Likevel ligg delar av den eksisterande bygningsmassen på Gol innanfor område som kan vere utsett for flaum eller skred.

Planen har ikkje tatt ut utbyggingsområde på grunn av risikoen, men det er sett strengare krav til at nye tiltak ikkje skal vere utsett for flaum eller ras. Utbygging etter planar som ikkje har ei tilfredsstillande ROS-analyse skal avklare omsyn til risiko før byggjesøknad kan vurderast.

Kommuneøkonomi

Alle utbyggingsføremål er vurdert opp mot tilgang til teknisk infrastruktur og kapasitet, særleg VA-nettet. Ingen nye område krev vesentleg utbygging av nytt leidningsnett, men det kan bli behov for å auke kapasiteten på vassforsyninga ved Tuppeskogen.

Utbyggingsavtaler i samband med reguleringsplanar må heimlast i kommunedelplan. Føresegnene opnar for at utbyggingsavtaler innanfor planområdet kan dreie seg om mellom anna teknisk og grøn infrastruktur, veg, vatn og avløp, friområde, leikeareal og andre tilhøve som til dømes utbyggingsrekkefølge eller organisatoriske tiltak. Dette opnar for at kommunen og tiltakshavar kan avklare finansieringa av fellesgodar.